



VESTLANDSFORSKING

VF-notat nr. 1-2025

Spor.

Nærøyfjorden som opplevingsarena i naturbasert reiseliv

Bakgrunnsnotat til «Moglegheitsstudie og tolegrenseanalyse for Sognefjorden», oppdrag finansiert av Sognarådet

Haaken Christensen og Trygve Sunde Kolderup, SPOR Natur og Reiseliv

VF-rapport 1-2025

Utgitt av Vestlandsforskning
Adresse Postboks 163, 6851 Sogndal

Prosjekttittel Moglegheitsstudie og tolegrenseanalyse for Sognefjorden

Oppdragsgivar Sognarådet

På framsida Ei gruppe kajakkpadlarar ved Nærøyfjorden
Foto Trygve Sunde Kolderup, SPOR Natur og Reiseliv

Creative Commons Namngiving 4.0 Internasjonal lisens
Vestlandsforskning 2021: CC BY-NC 4.0

www.vestforsk.no



Innhald

Innhold

Samandrag og oppsummering av funn og tiltak	4
Innleiing.....	5
Metode.....	5
Områdebeskriving.....	6
Funn frå intervju og dokumentanalyse – resultat og diskusjon.....	10
Anbefalingar og forslag til tiltak.....	24
Langsiktige tiltak	26
Oppsummering	26
Tips om finansiering:	28
Kjelder / referanser.....	29

Forord

Som del av oppdraget «moglegheitsstudie og tolegrenseanalyse for Sognefjorden» som Vestlandsforsking, SPOR Natur og Reiseliv og Norsk Institutt for Naturforsking fekk av Sognarådet, skulle vi kartlegge aktørar rundt Nærøyfjorden og sjå på moglege utfordringar i eit område med mykje ikkje-motorisert og motorisert aktivitet i ein relativt trong fjord med sårbar natur og vernestatus. Funna våre og problemstillingane dei reiser meiner vi er aktuelle og ved andre naturbaserte destinasjonar i Norge. Vi vel difor å publisere arbeidet vårt i full tekst i dette notatet. Ei oppsummering av notatet ligg i hovudrapporten «Moglegheitsstudie og Tolegrenseanalyse av Sognefjorden».

Tusen takk til alle som bidrege med innspel og innsikt gjennom samtalar og intervju.

Oslo, 15. desember 2025

Haaken Christensen og Trygve Sunde Kolderup. SPOR Natur og Reiseliv

www.spor.eco

Samandrag og oppsummering av funn og tiltak

Nærøyfjorden er ein del av UNESCOs verdsarv og eit populært reisemål med dramatisk natur og sårbart kulturlandskap. Aukande aktivitet på fjorden (kajakk, RIB, cruise, SUP) skapar utfordringar for natur, tryggleik og opplevingskvalitet. Rapporten er del av ein større moglegheitsstudie og toleevneanalyse for Sognefjorden.

Hovudfunn

Utfordringane er generelt ikkje store, men vi erfarer at det er aukande utfordringar knytt til auka turisme i Nærøyfjorden. Auka trafikk på fjorden bidreg til trengsel, støy og reduserer opplevingskvalitet for somme gjestegrupper. Kombinasjonen av motorisert og ikke-motorisert ferdsel skapar utfordringar for tryggleiken på fjorden. Leirplassar og ilandstigning på innmark utan avtale bidreg til auka slitasje og utfordringar for grunneigarar. Enkelte aktørar og uorganiserte besøkande manglar kunnskap om lokale regler og allemannsretten sine begrensningar på innmark. Det ser ut til å vere behov for betre samhandling og fleire møteplassar mellom aktørar.

Anbefalingar og tiltak

- Betre informasjon og vertskap: Meir tydeleg kommunikasjon om ferdselsregler og lokal praksis
- Faste møteplassar: Årlege møte mellom grunneigarar, forvalting og reiseliv
- Grunneigaravtaler: Fleire formelle avtalar for bruk av landingsplassar og leirplassar
- Finansiering: Langsiktig støtte til miljøpatrulje og vertskapsroller. Vurdere besøksbidrag og cruiseavgift
- Kanalisere ferdsel til egna område og vurdere ytterlegare fartbegrensing på fjorden

Innleiing

Denne rapporten er ein del av prosjektet «Moglegheitsstudie og tolegrensanalyse for Sognefjorden». Rapporten svarar på punkt 6c) i oppdraget.

Denne delen av prosjektet handlar om å kartlegge aktørar rundt Nærøyfjorden og sjå på moglege utfordringar i eit område med mykje ikkje-motorisert og motorisert aktivitet i ein relativt trang fjord med sårbar natur og vernestatus. Aukande trafikk, både på land og på fjorden, kan skape utfordringar. Nærøyfjorden har UNESCO verdsarvstatus på grunn av det dramatiske og særeigne landskapet, med smale, djupe fjordar, høge fjell og velhaldet kulturlandskap. Store delar av området er verna. Området opplever eit aukande besøkstrykk med mange besøkande som vil oppleve fjorden og landskapet.

Vi vil i denne delrapporten beskrive situasjonen knytt til motorisert og ikkje-motorisert aktivitet på Nærøyfjorden, og sjå på utfordringar og moglegheiter i kjølevatnet av auka aktivitetsbilde. Funn og forslag til tiltak i denne oppgåva vil vere overførbare til andre område i regionen.

Metode

Prosjektet har vore utført som ei skrivebordsoppgåve. Vi har ikkje vore på befarung i Nærøyfjorden, men kjenner området godt frå fleire tidlegare besøk.

Dokumentanalyse

Ved å gjennomgå eksisterande dokument – rapportar, strategiar, verneforskriftar osv, har vi skaffa oss innsikt og forståing over situasjonen i Nærøyfjordområdet.

Kvalitative

intervju

For å avdekke eventuelle utfordringar knytta til aktiviteten på Nærøyfjorden, har vi intervjuar 9 aktørar med relevans for regionen. Dei representerer mellom anna grunneigarar, hamnevesen, aktivitetstilbydarar av ikkje-motorisert

ferdsel, RIB-turar, verneområdeforvaltar, naturoppsyn og Verdsarvparken. Intervjua er gjorde som semistrukturerte intervju, med nokre få spørsmål og oppfølgjande dialog om utvalde tema.

Gjennom intervju og dokumentanalyse har vi vurdert om aktivitetsnivået utfordrar opplevingskvaliteten og kan vere kjelde til konflikt. Funna har vi deretter sortert tematisk og vurdert i lys av regelverk og juridiske rammer. Til slutt beskriv vi moglegheiter og foreslår løysingar.

Områdebeskriving

Nærøyfjorden i Aurland kommune er ein 17 km lang, smal fjord som er ein del av Aurlandsfjorden, som igjen er ein del av Sognefjorden. Innerst i Nærøyfjorden ligg bygda Gudvangen. I Aurlandsfjorden ligg Flåm, som er ei viktig cruisehamn, og vi finn store attraksjonar som Flåmsbana og Aurlandsdalen.

Nærøyfjorden har ein vill og dramatisk natur med bratte, skogkledte fjellsider, høge fjell og mange fossefall som møter den stedvis smale fjorden. Det unike landskapet er grunnen til at Nærøyfjorden i 2005 vart etablert på UNESCOs verdsarvliste, som ein del av Vestnorsk fjordlandskap. Området har fått verdsarvstatus fordi det er eit framifrå døme på fjordlandskap, og fordi det er eit landskap som framleis er i endring. Ein viktig dimensjon i Nærøyfjorden verdsarvområde er kulturlandskapet, at det framleis bur folk her, og at det er eit aktivt landbruksområde. Verdarvstatus syner at området har ein unik verdi for heile verda og at ein skal ta ekstra godt vare på området.

Nærøyfjorden Verdsarvpark vart oppretta som regionalpark i 2008. Som regionalpark og verdsarvområde er det eit mål å skape ei integrert og berekraftig områdeforvaltning og auka verdiskaping bygd på lokale natur- og kulturressursar.

Nærøyfjorden har ein forvaltningsplan¹ og området omfattar seks verneområde, som kvart har si eiga verneforskrift. To av områda er verna som landskapsvernområde, fire er verna som naturreservat. Nærøyfjorden verneområdestyre er forvaltar av vernet i området, medan Statens Naturoppsyn driv oppsyn i verneområda. Det er laga ein besøksstrategi for området² som skal bidra til å forvalte verneområda gjennom ein plan for tilrettelegging og styring av ferdsel, kunnskapsformidling og informasjon til dei besøkande. Besøksstrategien for verneområda i Nærøyfjorden framhevar behovet for å balansere tre særlege omsyn:

- Vern av natur og kultur
- Gode opplevingar for besøkande
- Lokal verdiskaping

Mykje av landskapet i strandssona er innmark. På innmark gjeld ikkje allemannsretten (ref. Lov om friluftsliv §1a og §2). Det er lagt til rette for strandhogg og leirslaging fleire plassar, med bål plass og nokre stader toalett.

Turisme i Nærøyfjorden

Vestnorsk Fjordlandskap, med Nærøyfjorden som ein av hovudattraksjonane, trekk til seg mange turistar. I forvaltningsplanen for Verdsarvområdet frå 2008³ vert det anslått at det då var ca 7-800.000 turistar i området årleg. Vi har ikkje funne nyare tal på antal besøkande, men ein kan anta at dette talet har auka sidan forvaltningsplanen blei publisert.

Reiselivet i området er prega av aukande aktivitet, stort turisttrykk og mange aktørar har eit ønske om å utvikle ei meir berekraftig reiselivsnæring. Sommaren er hovudsesong, men det er meir og meir reiselivsaktivitet gjennom heile året. Visit Sognefjord er merka som berekraftig reisemål gjennom Innovasjon Noreg si merkeordning⁴.

¹ Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (2008)

² Nærøyfjorden Verneområdestyre (2020)

³ Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (2008)

⁴ Innovasjon Noreg (2025)

Turistane kjem, mellom anna, for å oppleve fjordcruise med RIB eller ferge mellom Flåm og Gudvangen, kajakkpadling og SUP på fjorden og fotturar i dramatisk fjordnatur. Mange kjem med cruiseskip, i 2024 var det 124 cruiseanløp i Flåm⁵. Mange kjem og i bular, personbil eller som grupper i buss, eller med tog på Flåmsbanen. I sommarsesongen er det daglege avgangar med rutebåt mellom Gudvangen og Flåm, og mellom Gudvangen og Kaupanger⁶. Det er stor aktivitet med ulike fjordcruise og RIB-turar som tek gjestar med på opplevingar på fjorden, nokre av desse tilbyr aktivitet også i vintersesong. I tillegg kjem private båtar, kajakkpadlarar og andre som ikkje er del av ein organisert gruppe. Det er også fleire tilbydarar av kajakturar og SUP (stand up paddling) i området, med hovudsesong mellom april og oktober.

Dei store cruiseskipa går ikkje inn Nærøyfjorden, men køyrer inn Aurlandsfjorden til Flåm.

Aktørbiletet

For å få oversikt over aktiviteten og omfanget av reiselivstilbod knytta til Nærøyfjorden, har vi gjort ei kartlegging av aktørane. Tabellen under viser nokre av dei aktuelle aktørane, med hovudvekt på dei som driv aktivitet på fjorden eller på anna måte er relevant for slik aktivitet. Lista er på ingen måte uttømmende, men gjev eit bilde på omfanget og at det er mange aktørar som opererer på ein relativt liten fjord.

⁵ Kystverket (2025)

⁶ Lustrabaatane (<https://www.lustrabaatane.no/>)

Aktivitetstilbydarar	
Fjord Safari	RIB-turar med guide på Nærøyfjorden (https://www.fjordsafari.com/)
Nordic Ventures	Guida kajakkturar og utleie av kajakk frå Gudvangen (https://nordicventures.com/)
Njord AS	Guida kajakkturar på Aurlands- og Nærøyfjorden (https://www.seakayaknorway.com/)
Stigen Gard og Turer	Skreddersydde turar og kajakkurs (https://stigengard.no/)
Travelbase	Nederlandsk operatør som tilbyr guida kajakktur i Nærøyfjorden (https://travelbase.eu/)
SUP Norway	Guida SUP-tur i fjordlandskapet (www.supnorway.com)
Ferge og rutebåt	
Lustrabaatane	Dagleg rutetrafikk med ferge mellom Gudvangen og Flåm, og mellom Gudvangen og Kaupanger (https://www.lustrabaatane.no/)
The Fjords	Charter og fjordcruise på Nærøyfjorden med elektriske ferger. (Norway's Best, https://www.norwaysbest.com/en)
Camping og overnatting	
Nærøyfjorden camping	Campingplass og utleie av båt og kano (https://www.naeroyfjordencamping.no/)
Gudvangen camping	Campingplass og hytter (https://www.visitgudvangen.com/)
Stigen Gard	Overnatting og aktiviteter (https://stigengard.no/stigen/)
Turoperatørar	
Fjord tours	Turoperatør som tilbyr og skreddersyr aktivitetar, overnatting og opplevingar i fjordane (https://www.fjordtours.com/nb)
Andre aktørar	
Grunneigarar	Ein rekke grunneigarar eig grunnen langs fjorden. Grunnen deira vert nytta til ilandstigning og leirplassar for aktivitetsturistar.
Aurland hamnevesen KF	Forvaltar dei kommunale hamneanlegga i kommunen; Flåm, Aurland, Undredal, Styvi, Dyrdal, Bakka og Gudvangen. Tilrettelegg for næringsaktivitet på sjøen og i koblinga til aktivitet på land. (https://www.flamport.no/)



Foto: Trygve Sunde Kolderup / SPOR Natur og Reiseliv

Funn frå intervju og dokumentanalyse – resultat og diskusjon

Gjennom dokumentanalyse og kvalitative intervju finn vi at det i Nærøyfjordområdet er både opplevingsrelaterte utfordringar og utfordringar knytt til bølger og erosjon i strandsona som følge av båttrafikk.

Utfordringa med erosjon frå bølger forårsaka av båttrafikk er størst der fjorden er smalast. Verneforskriften for Nærøyfjorden Verdsarvområde har difor satt fartsgrense på 8 knop for båtar over 30 fot på strekninga mellom Skalmenes og Bleiklindi, for å forebygge erosjon fra bølger⁷. Bølger ødela deler av den gamle Postvegen. Både fart og skrogutforming er utfordrande.

⁷ Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (2008)

Det store antalet båtar på fjorden er med på å skape ein unaturleg bølgedynamikk, som er utfordrande for ei sårbar strandsone.

Utfordringane knytt til erosjon og utvasking i strandsona er godt dokumentert⁸. I det følgjande vil vi difor rette merksemda mot dei opplevingsrelaterte utfordringane med auka ferdsel og aktivitet på fjorden.

Aktivitetar på Nærøyfjorden

Forsking frå mellom anna NINA⁹, syner at det finns eit konfliktpotensial mellom motorisert og ikkje-motorisert ferdsel på Nærøyfjorden. Aukande småbåttrafikk, «mjuke» aktivitetar som padling og SUP og motorisert aktivitet med RIB og ferger kan skape trengsel på fjorden. Det kan og utfordre tryggleiken på sjøen. Grupper som går i land og etablerer leir kan bidra til både slitasje på vegetasjon og forstyrring på beitande dyr. Det kan og redusere tilgang på stille og meir urørte område, som mange kjem for å oppleve. Ein konsekvens kan vere at opplevingskvaliteten vert redusert av støy, visuell forstyrring og trengsel med mykje folk. Bekymring rundt desse punkta vert støtta av fleire av dei vi har prata med.

Opplevingsrelaterte utfordringar knyt seg til mellom anna:

- Auka aktivitetsnivå og trengsel på sjøen
- Trengsel på ilandsstigningsplassar og leirslaging langs fjorden
- Støy frå motorisert båttrafikk
- Motorisert og ikkje-motorisert aktivitet samtidig på fjorden
- Sikkerheit for dei som bruker fjorden til aktivitet
- Bruk av innmark til leir og bål plass, med påfølgjande slitasje, utfordringar for beitedyr

Aktivitetsnivå på fjorden

Fleire av dei vi har snakka med seier at situasjonen på fjorden har endra seg mykje den siste tida. Dei seier det er mykje meir trafikk og ferdsel generelt, og

⁸ Lothe et al. (2018)

⁹ Hagen, D. et.al (2018)

at det særleg er antalet mjuke trafikantar (kajakk, SUP, kano, sjøsykkel) som har auka. I tillegg vert det stadig observert symjarar i fjorden. Aktivitetar med låg fart og aktivitetar med høg fart i same område kan vere krevjande. Det er blitt eit stort og aukande aktivitetsnivå som tidvis skapar utfordringar. Fleire seier og at det er aukande trafikk på vegar i området. Ein av aktørane seier:

«Området vert meir og meir ein masseturismedestinasjon. Det er i ferd med å brikke over. Det er folk overalt».

På same tid viser våre samtalar at det er eit delt syn på situasjonen. Nokre meiner det er i ferd med å bli for mykje aktivitet og aukande utfordringar, medan andre meiner det ikkje er noko stort problem.

Det er mange organiserte grupper, men og ein stor del uorganisert ferdsel på fjorden. Dei padlande held seg stort sett på ei side av fjorden, medan rutetrafikken i hovudsak held seg til midten av fjorden. Når mjuke aktivitetar føregår i same område som motorisert trafikk, kan det oppstå konflikt og farlege situasjonar. I ein av samtalane kjem det fram at fart kan vere utfordrande, enkelte køyrer for fort også i den sona som har fartsbegrensing. Det vert diskutert om fartsbegrensinga i Nærøyfjorden skal utvidast, men det er foreløpig ikkje avklart.

I ein annan samtale vert det tydeleg at det er ei utfordring at kajakkpadlarar kryssar fjorden. Vedkommande meiner dette primært gjeld dei som padlar utan guide, uorganisert aktivitet. Respondenten seier det er faste sider i fjorden der kajakkane skal halde seg, men det verker uklart i kva for grad det er informert om dette. Det kan vere vanskeleg å kome seg utpå eller gå i land på feil side av fjorden. Ein vi snakka med seier det kan vere nyttig med betre skilting, men at vi må unngå å skilte for mykje.

Ein av dei større kajakkaktørane seier i samtale med oss at dei er opptatt av å lære opp kundane sine, og at dei er nøye på kva for informasjon dei gir til dei som drar på tur med kajakk utan guide. Det same selskapet seier aktiviteten er sesongbasert, og at det er stor turnover på guidane frå år til år, sjølv om nokre kjem tilbake kvart år (fem av 15 i 2025). Ein del av guidens natur er at dei

reiser med sesongane, noko som fører til at guider ikkje alltid får god tilhøyrse med staden dei jobbar på.


Fleire av dei reiselivsaktørane vi har snakka med seier dei ikkje har oppfatta at det er store problem mellom ulike aktørar. Vi får likevel høyre at ein eller fleire utanlandske aktørar utfordrar situasjonen og tek seg til rette. Dei bruker dei same områda som andre, og særleg enkelte grunneigarar har reagert på atferden deira. Ein av grunneigarane seier det har vore nokre utfordringar med utanlandsk aktør tidlegare, dei trudde allemannsretten gjaldt overalt. Grunneigaren seier dette skal det vere rydda opp i nå, og forholdet er blitt betre.

Det er av slike grunnar viktig at det er avklart kor dei ulike bør opphalde seg, og at ein viser respekt for kvarandre. Organiserte grupper kan ein relativt enkelt informere og følgje opp, medan dei uorganiserte aktivitetane er vanskelegare å nå fram til med informasjon, ferdselsråd og å følgje opp at råda vert fulgt.

«Utanlandske aktørar opplev at det er "rett fram" og at dei kan bruke naturen som ein vil, men dei treng opplæring om friluftslav og friluftsverdier». Dette sitatet frå ein av samtalanane syner at det kan vere ein gryande konflikt mellom lokale aktørar og grunneigarar på den eine sida, og internasjonale aktørar på den andre.

Allemannsretten og bruk av innmark

Fjorden er smal, og mange plassar er det ikkje mogleg å gå i land på grunn av bratt fjell. Dei fleste stader kor det er lov til å campe er innmark, men mange av dei besøkande trur det er fritt fram for å telte kor som helst. Ei brosjyre som Verdsarvparken gjev ut til besøkande, inneheld eit kart som syner kor det er tilrettelagt for telting, med toalett, bål plass og andre fasilitetar. Brosjyra har norsk og engelsk språk.



Utsnitt av Nærøfjorden Verdsarvpark sitt kart og beskriving av området for besøkande (Kjelde: Nærøfjorden Verdsarvpark¹⁰)

Teksten i brosjyra gjev informasjon om eit sett med «trø varsamt» prinsipp, som gjev gode råd til besøkande. Det kan likevel vere ei svakheit i informasjonen at brosjyra ikkje nemner at det i utgangspunktet ikkje er lov å opphalde seg på innmark, og at besøkande blir bedde om å ta kontakt med turistinformasjonen for å finne ut om du må betale for å slå opp telt og kor du eventuelt kan betale for dette.

Ein grunneigar seier det er sette opp skilt i regi av Verdsarvparken og verneområdestyret, med beskriving av kor det er tildelt plass til aktørar med avtale og kor uorganiserte grupper kan etablere camp. Grupper med guide fungerer betre enn uorganiserte grupper. Vedkommande har avtale med tre kajakkaktørar som alle forhold seg godt til avtalen om tildeling av plassar. Vedkommande seier at dei områda som er tildelt for uorganisert telting ikkje

¹⁰ Nærøfjorden Verdsarvpark brosjyre og kart (ikkje datert)

fungerer så godt, at mange ikkje held seg til den plassen de er tildelt. Han har dialog med aktørane og prøver å ordne opp gjennom samtalar og god dialog med dei besøkande.

Gjennom intervju vert det tydeleg at padlarar og andre som gjer strandhogg må vise omsyn, og at dei som leiger ut kajakk og / eller guider må fortelje kva som er rett atferd. Eit døme er dei faste leirplassane som er etablert langs Postvegen. Desse er tilrettelagt med bål plass, og nokre har også utedo, men ein av respondentane seier det er stort press og synleg slitasje, mellom anna inn mot Odnesfossen. To av dei vi snakka med seier at telting er utfordrande. Dei nemner mellom anna at det skaper slitasje, og at avfall og avføring på beitemark ikkje er godt for gras som skal vere dyrefor. Det er mogleg å søke om tilskot frå mellom anna Landbruksdirektoratet¹¹ for å førebyggje slitasje.

Ein av grunneigarane vi har snakka med seier at landbruksdriften vert påverka av turismen. Dei slit med at beiteområde langs fjorden får auka besøk, og det er særleg utfordrande med grinder som folk må gjennom og som dei ikkje lukkar bak seg. Det fører til sauar på rømmen, og han får stadig telefon om at sauane er på villspor. I nokre tilfelle har dei opplevd at sau og lam endar på kvar sin side av gjerdet, og at lam har drukna når dei fell i elva i eit forsøk på å komme fram til mora.

Ein bonde meiner det ikkje bør vere han som bør stå ansvarleg for grindene i området. Dei har forsøkt å få opp sjølvlukande grinder, men føler det er feil at dei sjølve må ta den kostnaden, at det kanskje kan vere eit spleiselag mellom andre som er meir ansvarleg for turismen i og rundt fjorden.

Mange av plassane som er eigna for ilandstiging for grupper av kajakkpadlarar er og definert som innmark. Allemannsretten gjeld ikkje i slike område, og ilandstiging og leirslaging må avtalast med grunneigar. Det er etablert leigeavtaler mellom aktivitetsaktør og grunneigar på areal til bruk for leirslaging fleire plassar. Slike plassar er det etablert toalett og bål plass.

¹¹ <https://www.landbruksdirektoratet.no/nn/ordningar/jordbruk/tilskot-til-tiltak-i-verdsarvomrada>

Gjennom intervjuet kjem det fram at dei som har avtale er med og betaler for bruken på desse plassane, og Verdsarvorganisasjonen er med og vedlikeheld. Ordninga har vart nokre år. Ei utfordring som fleire av aktørane nemner i samtalanene, er at det kjem utanlandske aktørar med store grupper (20-30 pers) som tek over heile område når dei går i land. Fleire opplever det som ugreit når slike aktørar brukar området utan å ha betalt eller bidrege. Slike tilfelle kan i verste fall føre til at avtalar og samarbeid om områdebruk kan verte trekte tilbake.

Det er behov for meir informasjon til, og dialog med, utanlandske aktørar, og fleire meiner dei bør vere med og betale. Vi høyrer i samtalanene fleire som meiner at det tidvis kan vere mange som går i land på same plassen, og at det kan bli trengsel. Fleire seier at dei får melding frå besøkande om at dette forstyrrar opplevinga deira.

Vårt inntrykk er allikevel at dette stort sett går greit føre seg, men gjennom samtalanene kjem det og tydeleg fram at fleire grunneigarar er bekymra og opplever dette som ei aukande utfordring.

Informasjon og tilrettelegging

I 2025 har ei miljøpatrulje, i regi av Verdsarvparken, hatt som oppgåve å vedlikehalde slåttemråde, formidle og informere og slå av ein prat med dei besøkande¹². Miljøpatruljen er i hovudsak ungdom som har miljøpatruljen som sommarjobb. Jobben består i å hjelpe til med skilting, merking og tilrettelegging av stiar, dei plukker boss og har tilsyn med landingsplassar for kajakk. Miljøpatruljen har og hatt ein viktig jobb med å møte gjester i verdsarvområdet på fjorden, langs stiane og på utsiktspunkta, der formidling av verdsarv og stadkunnskap har vore i fokus. Saman med verneområdeforvaltar har dei vore vertskap. Dette er ei ordning som har fått veldig god tilbakemelding, og fleire nemner at det er ei rolle dei ønskjer kan vere fast i hovudsesongen. Fleire av dei vi snakka med seier dei får

¹² <https://www.naroyfjorden.no/nyhende/miljupatruljen-takkar-for-i-r>

tilbakemelding frå mange gjester som seier dei opplever at det er godt tilrettelagt. Samstundes blir det kasta ein del søppel i området, det er slitasje på naturen fleire plassar og vi får inntrykk av ein gryande usemje knytt til korleis ferdsel vert organisert, samt kva informasjon dei besøkande får om besøk i ein sårbar natur.

Eit døme er grinder og gjerdeklyvarar. Det er logisk for mange besøkande å lukke grinda bak seg eller nytte seg av gjerdeklyvarane, men fleire vi snakka med meiner utanlandske besøkande ikkje gjer det. Dette er mellom anna aktuelt på Postvegen frå Styvi og inn til Bakkasundet. Det er skilt og informasjon i området, men det kan vere nyttig med sjølvlukande grinder.

Grunneigarar har tatt opp med verneforvaltninga å få sett opp skilt på sentrale utfartsplassar i Gudvangen og Flåm, med informasjon om beite, vern, innmark og at allemannsretten ikkje gjeld alle plassar. Dei opplever at det sitt langt inne å få etablert slike informasjonsskilt.

Støy og tryggleiksutfordringar

Motorisert ferdsel på fjorden gir moglegheit for effektiv transport og tilgjengelegheit, men utfordrar og opplevinga av stillheit og nærleik til naturen for ikkje-motoriserte brukarar. Det er satt fartsbegrensing på 8 knop for båtar under 30 fot i delar av fjorden, men ein av respondentane seier at om reiarlaga må gå i låg fart vert det utfordrande for dei å tene pengar.

Samstundes kan den motoriserte aktiviteten vere ein tryggleik for dei mjuke trafikantane, då dei kan fungere som ein del av redningskorpset på sjøen. Ein av respondentane seier dei har opplevd å måtte redde padlarar som ikkje er budd for korkje ver eller vind, og som ikkje har hatt naudsynt sikkerheitsutstyr. Berre i 2025 har dei hatt ca 30 slike opplevingar.

Det vert stadig utvikla nye opplevingskonsept i området, basert på natur- og kulturressursar og dei lokale råvarene og maten som vert produsert langs fjorden. Det er ei rekkje små aktørar som tilbyr slike opplevingar til mindre

grupper. Slike opplevingar er ofte opptatt av å vise fram stillheit og nærkontakt med natur og landskap. Kajakkpadling på fjorden er ei av dei mest ettertrakta opplevingane og blir tilbydd både som guida turar og utleige for padling på eiga hand. I våre samtalar kjem det fram at det er mindre utfordringar med dei organiserte gruppene enn med dei som padlar på eiga hand.

Ein operatør seier at mange av kundane deira er overraska over kor "busy" fjorden kan vere, og selskapet seier dei har opplevd kanselleringar av kundar som ikkje forventa så mykje trafikk med særleg motorisert ferdsel på fjorden. Somme av dei vi snakka med seier at store grupper med telt på leirplassar og er ei utfordring og overraskar fleire av kundane. Dei forventar at fjorden skal vere stillare.

Fleire av selskapa som tilbyr opplevingar på fjorden med kajakk tek med besøkande i grupper med guide. Gruppestørrelsen varierer, nokre har relativt små grupper, medan andre har med større grupper. Det er lokale aktørar, men og internasjonale aktørar som tilbyr opplevingar på fjorden. Ein av desse vert i fleire av våre samtalar framheva som ein aktør som ikkje tek omsyn til veret, og kor padlarane i fleire tilfelle ikkje har hatt korkje sikkerheitsutstyr i orden eller guidar som tek ansvar i krevjande situasjonar.

Samspel og samarbeid mellom aktørane

Det kjem fram i intervjuet at det er ønske om ein meir forutsigbar møteplass mellom aktørane. Det har vore møte i regi av verneområde og verdensarv, men vi får inntrykk av at det ikkje er organiserte, faste møteplassar. Fleire seier dei opplever det som viktig at aktørane tek kontakt med kvarandre og snakkar saman for å finne gode løysingar. Gjennom samtalar og gjensidig respekt og forståing kan ein forebyggje konflikt og skape meir i lag.

Eit døme vi får høyre om frå fleire av respondentane er parkering og villcamping på Bakka. Her er det tidvis parkeringskaos, og det kjem fram at det kan vere behov for offentleg toalett og betre søppelhandtering. I fleire slike tilfelle vil det vere behov for pengar og finansiering.

Ein respondent seier dei har lagt til rette for turisme, rydda og utvikla, men at dei ikkje får støtte frå kommunen. Dei opplever og at det er mangel på samlingsplassar for utvikling, deling og medverknad. Ein annan opplever at forståinga som ulike aktørar i reiselivet har for dei private områda på land, varierar mykje. Eit døme som blir nemnt er at fleire av kajakk-aktørane har lite respekt for private område, at dei ikkje har sett seg inn i regelverket. Dei oppfattar at dei store aktørane kan det, men at guider ofte ikkje er ikkje opplærte i kor det er OK å gå i land, og kor det ikkje er greit. Ein annan, større aktør, meiner det fungerer godt, og at operatørar i Nærøyfjorden viser vilje til å tilpasse seg, mellom anna forbi Bakka og liknande plassar. Vedkommande meiner det er ein gjensidig respekt for kvarandre sine aktivitetar. Vi får likevel inntrykk av at det er delte oppfatningar om akkurat det.

Ein annan respondent seier det er så mange å forhalde seg til – SNO, verneområdestyre, verdsarvpark, grunneigarar, reiselivsaktørar og destinasjonsselskap. Det er så mange roller og mange som skal meine noko at det blir vanskeleg å få satt i gang enkle tiltak.

“Dei spring litt frå ansvaret sitt, når dei først har fått verna området spring dei litt fra ansvaret sitt i forhold til antallet besøkande”.

I to av samtalane kjem det fram at ein meiner kommunen i for liten grad tek vertskapsrolla si på alvor. «Dei er mest opptatt av Flåm, og legg lite vekt på resten av kommunen», er eit sitat som støtter ei slik oppfatning. Dei meiner at Nærøyfjorden vert tungt marknadsført, men at Nærøyfjorden og utfordringane vert lite reflektert i kommunen sitt arbeid med turisme.

Fleira av dei vi har snakka med ytrar eit ønske om fleire møteplassar. Dei seier at det generelt er lite dialog mellom aktørane. Ein seier han tar sjølv initiativ til møte med dei aktørane han har avtale med for å høyre korleis sesongen har gått, men meiner det er eit klart behov for felles møteplassar med kommune, verdsarvpark, verneforvaltning, destinasjonsselskap, grunneigarar og reiselivsaktørar.

Behov for finansiering av utvikling

Mange aktører har guida turar på mellom anna Rimstigen og Postvegen, og mange aktører har guida turar på fjorden. Ein vi har snakka med seier mange av desse aktørane ikkje bidreg med ei krone til skjøtsel, forvaltning og utvikling av området. Vedkommande meiner at dei som har tilbod på fjorden bør bidra med ein sum årleg til skjøtsel og tilrettelegging av området, og føreslår at det kan vere ein frivillig ordning der aktører kan gje ein årleg sum til forvaltning, kulturlandskap og skjøtsel. Eit slikt bidrag kan vere eit godt insitament for å syne at ein ynskjer å bidra til ein meir berekraftig utvikling.

I 2025 vedtok Stortinget ein ny lov om besøksbidrag¹³. Loven gjev reiselivskommunar eit nytt verkty i møte med mange besøkande. Ei slik ordning kan gjere det lettare for kommunane å finansiere viktige fellesgode. Føremålet med lova er å bidra til å finansiere reiselivsrelaterte fellesgode gjennom besøksbidrag frå turistar. Ordninga skal vere ein avgift i områder med særleg stor belastning frå reiselivet.

Besøksbidragslova vart vedteke av Stortinget i juni 2025 og inneheld:

- Ei frivillig kommunal overnattingsavgift
- Ein heimel som gjev regjeringa høve til å innføre ein avgift frå cruiseverksemd (Ordninga skal utreiast og på høyring før ei forskrift kan fastsettast).

Aurland kommune er ein stor reiselivskommune. Dersom Aurland kommune vel å nytta seg av besøksbidragsordninga, anten gjennom overnattingsavgift, cruiseavgift eller begge, vil det vere eit viktig tilskot til finansieringa av reiselivsutvikling, tilrettelegging og viktig infrastruktur.

«Vi som grunneigarar sit att med skjegget i postkassa og auka utgifter. Det burde vore turistskatt» er klar tale frå ein vi har snakka med.

¹³ <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2025-06-20-104>

Ein annan aktør vi har prata med meiner ein bør stille krav om at turistane blir minst to døgn i regionen. Det vil bidra til meir lokal verdiskaping og betre forståing for destinasjonen og området dei besøker. «*Mange kjem hit for å ha ro og fred – det blir problematisk når det blir for mye cruise og korttidsturisme*», seier vedkommande.

I 2026 kjem det nye krav til ferdsel i verdsarvfjordane, og større skip får strengare krav. Krav om nullutslepp kan føre til at det blir noko meir rutegående aktivitet, med lokale cruise og RIB-aktivitetar frå 2026. Ein responnent seier det blir viktig å ta i bruk ny teknologi i framdrift på fjorden, og at aktørane må få tid og høve til å oppgradere hamneanlegga.

Strategiar, regelverk og juridiske rammer

Ein rekke lover og regelverk dannar rammene for ferdsel og aktivitet på Nærøyfjorden. Tabellen under gjev ein oversikt over lover og forskrifter som er relevante for betraktningar knytt til motorisert og ikkje-motorisert ferdsel på fjorden. Lista er ikkje uttømmende.

Namn på lov	Verkeområde
Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (motorferdselloven) ¹⁴	Føremålet med loven er å regulere motorferdselen i utmark og vassdrag med sikte på å verne om naturmiljøet og fremme trivselen. Loven gjeld ikkje på fjorden, kun i utmark og vassdrag.
Lov om besøksbidrag (besøksbidragsloven)	Lovens formål er å bidra til å finansiere reiselivsrelaterte fellesgoder gjennom besøksbidrag i form av avgift i områder med særlig stor belastning fra reiselivet.
Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) ¹⁵	Naturmangfoldloven regulerer bruk og beskyttelse av naturen. Den omfattar all natur, og gjeld for alle som tar beslutningar som har konsekvensar for naturmangfaldet.
Lov om friluftslivet (friluftsløven) ¹⁶	Friluftsløven regulerer personers rettigheter og plikter for opphald i, og bruk av naturen i Norge. Loven skal sikre retten til opphald og ferdsel i naturen uavhengig av kven som eig arealet. Loven stadfestar at ferdsel med båt på sjøen er ein fri rett for alle.

¹⁴ <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1977-06-10-82>

¹⁵ <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2009-06-19-100>

¹⁶ <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1957-06-28-16>

Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) ¹⁷	Plan- og bygningsloven skal fremme berekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar. Planlegging etter loven skal bidra til å samordne statlige, regionale og kommunale oppgåver og gje grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressursar.
Lov om hamner og farvann (hamne- og farvannsloven) ¹⁸	Hamne- og farvannsloven regulerer hamner og farvann i Norge. Loven tar sikte på å fremme sjøtransport og leggje til rette for sikker, miljøvennleg og effektiv drift av hamner og ferdsel i norsk farvann. Bestemmelsane i loven rettar seg særleg mot sjøsikkerheit. Loven kan mellom anna nyttast til å innføre begrensningar for opphald i hamner, hastigheit og bruk av bestemte farleder og farvann. Begrensingar kan gjelde både fritidsbåtar og skip i næring.
Produktkontrollloven ¹⁹	Produktkontrollloven har til formål å: a) forebyggje at produkt og forbrukertjenestar medfører helseskade, herunder sørge for at forbrukerprodukte og forbrukertjenestar er sikre b) forebyggje at produkt medfører miljøforstyrning, m.a. i form av forstyrning av økosystem, forureining, avfall, støy og liknande. c) forebyggje miljøforstyrning ved å fremje effektiv bruk av energi i produkt
Forskrift om internkontroll ²⁰	Alle verksemdar som tilby produkt eller forbrukertjenestar i Noreg skal ha eit system for internkontroll. Eit internkontrollsystem er systematisk arbeid med helse, miljø og sikkerheit. Hensikten med internkontrollsystemet er mellom anna å forebyggje at farlege produkt og forbrukertjenestar blir tilbydd til forbrukarar.
Krav om nullutslipp i verdsarvfjordene	Krav om nullutslipp gjeld i første rekke turistskip og ferger under 10.000 bruttotonn. Her vil krava gjelde fra 1. januar 2026. For større skip vil kravet gjelde fra 1. januar 2032. Klima- og miljødepartementet arbeidar med implementeringen av krava i regelverket.
Forskriftar med lokalt verkeområde	Verkeområde
Verneforskrift for Nærøyfjorden landskapsvernområde ²¹	Føremålet med forskriften er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell. Forskriften vernar mot inngrep av ulik sort, med diverse unntak. Forskriften er ikkje til hinder for motorferdsel på fjorden, heller ikkje å gå til land eller kai, men set begrensning for fart på fjorden. Fartsgrense forbi Skalmenes-

¹⁷ https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71/KAPITTEL_1#KAPITTEL_1

¹⁸ <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2019-06-21-70>

¹⁹ <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1976-06-11-79>

²⁰ <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1996-12-06-1127>

²¹ <https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2002-11-08-1280>

	Bleiklindi er 8 knop. Fartsreduksjonen gjeld ikkje båtar under 30 fot.
Kommunale og regionale planar og strategiar	Verkeområde
Besøksstrategi verneområde i Nærøyfjordområdet	Strategien er ifrå 2020. Besøksstrategien skal vere eit verktyg for å forvalte verneområda på ein strategisk og god måte. Strategien skal vere ein plan for tilrettelegging, styring av ferdsel, kunnskapsformidling og informasjon til besøkande. Strategien skisserer kor i verneområda det kan vere aktuelt å leggje til rette for auka aktivitet, og korleis ein kan styre folks ferdsel til dei områda som tol auka aktivitet.
Forvaltningsplan for verneområde i Nærøyfjorden ²²	Forvaltningsplanen er ifrå 2008. Forvaltningsplanen omfattar Nærøyfjordområdet, den sørlege delen av Vestnorsk fjordlandskap.
Merkeordninga for berekraftig reisemål	Styringssystem for reisemål som ønskjer å jobbe langsiktig og fokusert med berekraft i reiselivet. Med ordninga følgjer verktyg og innhald for destinasjonsleiing og styring av det lokale reiselivet. Utvikla av Innovasjon Norge.
Unesco verdsarvstatus	Det er ein føresetnad for å inneha verdsarvstatus at det meste av det omsøkte området er underlagt nasjonale verneformar. Verdsarvstatusen fører ikkje til ytterlegare vern eller andre særskilde restriksjonar i godkjende område.

Lovverket og forskrifter som regulerer aktivitet på og rundt Nærøyfjorden kan i nokre tilfelle nyttast til å regulere og begrense ein del av turismen i området. Slike reguleringar må gjerne inn i kommunens planverk, noko som er ein tidkrevande prosess. Andre tiltak er av meir nasjonal karakter, då det er fleire reisemål som opplever liknande utfordringar. Regjeringa jobbar mellom anna med kompetansebeskriving for guidar, og fleire reisemål diskuterer korleis ein kan få til eit betre skilje mellom profesjonelle aktørar og ikkje-profesjonelle aktørar. I nokre tilfelle diskuterer ein om ein kan nytte seg av bevilling for å drive aktivitet, eller lisens og konsesjon. Dette er vanleg i fleire andre land. Norsk lovverk opner, så vidt vi veit, ikkje for å etablere slike ordningar innan reiselivsopplevingar i natur.

²² Forvaltningsplan Vestnorsk Fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden (2008)

Dei utfordringane som er identifisert gjennom dette prosjektet kan likevel, etter vår meining, i dei fleste tilfelle verte løyst eller redusert utan å måtte ta i bruk lovverk eller endringar i forskrifter. Det handlar i stor grad om å samhandle meir, etablere felles mål og verdar og å styrke fellesskapet og kompetansen rundt å bruke eit verneområde som Nærøyfjorden som opplevingsarena.

Revisjon av forvaltningsplan og besøksstrategiar kan vere gode grep for å sørge for at ivaretaking av området vert basert på ein oppdatert situasjonsbeskriving som og tek innover seg ein framtidig situasjon, med ytterlegare auke i besøk.

Anbefalingar og forslag til tiltak

1. Betre informasjon og formidling

Det er viktig med fokus på vertskapsrolla og formidlarrolla, for å, mellom anna, styrke samhald og felles budskap til dei besøkande. Særleg vekt på å formidle allemannspliktane og at det ikkje er fri tilgang til innmark til både organiserte aktørar og dei som kjem uorganisert.

2. Involvering og medverknad gjennom årlege møte

Årlege møte med grunneigarar, reiselivsaktørar, verneforvaltning osv vil vere svært nyttig. Det gjeld å få offentleg forvaltning, verdsarv, verneområdestyre, kommune, fylke, Unesco, reiselivsaktørar og grunneigarar til å snakke betre saman og ha nokre felles mål og strategiar. Det ser ut til å vere behov for betre rolleavklaring og gjensidig forståing av ulike aktørar sine ynskjer og mål med aktivitetane sine. Slike møte kan med fordel vere før, under og etter hovudsesongen. Gjennom nettverk, medverknad og involvering kan regionen vidareutvikle og revidere besøksstrategien med eit verdigrunnlag som er i samsvar med behov og ynskjer som verdsarv, vernekrav, reiseliv og destinasjonen har. Kva vil vi med Nærøyfjorden, og korleis kjem vi dit?

3. Grunneigaravtalar

På bakgrunn av at store delar av landskapet langs fjorden er innmark, kan ein vurdere om det bør lagast grunneigaravtalar for alle tiltak og bruk, der det ikkje allereie er etablert slike.

4. Finansiering

Det vil vere nyttig med ein meir forutseieleg finansiering av vertskapsrolle og vedlikehald av dei plassane som krev det. Til dømes vil det vere hensiktsmessig med langsiktig finansiering av miljøpatrulje i åra framover, til drift og utvikling av rolla. Med auka besøk er det eit godt tiltak at ei slik teneste har forutsigbar finansiering og langsiktigheit, og at ho nyttast på fleire plassar. Liknande vertskapsroller med gode resultat og erfaringar finn vi i dag, mellom anna, på Besseggen og Trolltunga. Inntekt frå besøksbidrag kan vere nyttig for å finansiere fellesgoder og styrke besøksforvaltninga.

5. Kanaliserer ferdsel

Det vert viktig å halde spesielt oppsikt med pressområde som krev ekstra merksemd, som mellom anna Postvegen, Rimstigen, Bakka og Styvi. Det vil vere nyttig å vurdere moglege avlastingsområde som ein kan kanalisere ferdsel til for å avlaste Nærøyfjorden.

6. Avgrense fart på fjorden

Av omsyn til tryggleik på fjorden for alle aktørar, kan det vere nyttig å vurdere å begrense farta på motorisert aktivitet på større delar av fjorden.

7. Revidere verneforskrift

Verneforskrifta er ifrå 2008. Mykje har skjedd med turismen sidan då, med sterk auke i antal turistar til Vestlandet og fjordane. Trendar og aktivitetsbilete har også endra seg mykje sidan 2008.

Langsiktige tiltak

Det er eit potensial for å tenkje nytt når det kjem til regulering og tilgang til å drive kommersiell aktivitet. Når det vert for mykje aktivitet på ein liten plass, eller aktivitetsnivået påverkar naturen eller opplevinga negativt, kan det vere behov for å sjå på kva for verktøy vi har for å regulere aktiviteten. Det kan vere nyttig for å auke tryggleiken for turistar og lokalbefolkning som nyttar sjøen, for å redusere erosjonsfare i strandsona og for å styrke opplevingskvaliteten for dei som kjem for naturopplevingar med vekt på stille og ro. To av verkemidla som er lite nytta er:

1. *Lisens og konsesjon*

Internasjonalt er det vanleg at kommersielle aktørar må ha konsesjon eller lisens for å drive verksemda si i eit område eller innanfor visse aktivitetar. I Noreg manglar me slike ordningar då lovverket gjer det vanskeleg å skilje mellom aktørar på denne måten.

2. *Krav om kompetanse hos guidar*

Regjeringa har eit pågåande prosjekt om å etablere ei nasjonal godkjenningsordning for guidar. Pr i dag ser det ut til at denne ordninga vert ei kompetansebeskriving for kva for ein kompetanse guidar bør ha. Det er uklart om det vert ei godkjenningsordning som stiller krav til guidens kompetanse.

Oppsummering

I dette prosjektet har vi beskrive situasjonen knytt til motorisert og ikkje-motorisert aktivitet på Nærøyfjorden, og sett på utfordringar og moglegheiter i kjølevatnet av eit auka aktivitetsbilde. Vi har funne at

- Aukande trafikk på fjorden skaper trengsel, støy og tryggleiksutfordringar, særleg mellom motorisert og ikkje-motorisert aktivitet.
- Erosjon i strandsona fra båtølger er eit dokumentert problem.
- Konflikstar oppstår ved ilandstigning og leirslaging, spesielt på innmark utan avtale med grunneigarar.
- Utanlandske aktørar utfordrar lokale avtalar og friluftspraksis.
- Informasjon til besøkande er mangelfull, særleg om friluftslav og lokal skikk.
- Det er behov for betre samhandling mellom aktørar og meir forutsigbar forvaltning.

Framtidig utvikling av Nærøyfjorden som reisemål avheng av ei langsiktig og berekraftig forvaltning av ressursgrunnlaget. Det vil vere viktig å leggje til rette for ansvarleg turisme som gir positiv effekt for både lokalbefolkninga langs fjorden og naturressursen, som er grunnlag for verdsarvstatusen.

Vi meiner toleevna til reiselivet og forvaltninga av Nærøyfjorden kan styrkast gjennom

- Betre informasjon og skilting, særleg til uorganiserte besøkande.
- Faste møteplassar for aktørar før og etter sesong.
- Utvida fartsbegrensning og revidering av verneforskrifter.
- Langsiktig finansiering av miljøpatrulje og vertskapsroller.
- Vurdere lisensordningar og kompetansekrav for guidar.
- Auka lokal medverknad og utvikling av felles verdigrunnlag og revidert besøksstrategi.

Tips om finansiering:

Naturarven som verdiskapar (Miljødirektoratet) – Tilskuddsordninga skal medvirke til at verneområda og andre verdifulle naturområde blir ein del av brei verdiskaping som har langsiktig positiv effekt for natur, lokalsamfunn (sosialt og kulturelt), økonomi og næringsutvikling. Tiltak som kan få tilskot:

- Attraksjonar og tiltak for tilrettelegging og/eller kanalisering av ferdsel, til dømes innfallsportar, korte stiar og utsiktspunkt.
- Ulike typar informasjon, og tiltak for utvikling av besøksforvaltning og nasjonalparkar og andre verneområde som merkevare.
- Naturfagleg kompetanseheving i reiselivsverksemdar.
- Tiltak for å betre samarbeidet mellom lokalsamfunn, naturforvaltning og næring.
- Leiing av prosjekt for gjennomføring av tiltak som nevnt ovanfor.

Kjelder / referanser

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (2008) Rapport nr. 1 – 2008. Forvaltningsplan Vestnorsk Fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden

Hagen, D., Eide, N. E., Vistad, O. I. & Gundersen, V. 2018. Vurdering av kor sårbare utvalde lokalitetar i Nærøyfjorden landskapsvernområde er for ferdsel. Landgangslokalitetar ved Nærøyfjorden, den nye Sivlestien langs Stalheimskleivi, og ferdselsruta gjennom Slettedalen. NINA Rapport 1436. Norsk institutt for naturforskning

Innovasjon Norge (2025) Merkeordningen for bærekraftig reisemål. (<https://www.innovasjonnorge.no/tjeneste/merket-for-baerekraftig-reisemal>)

Kystverket (2025) Cruisetrafikken flata ut i 2024. (06.03.2025) (<https://www.kystverket.no/nyheter/2024/cruisetrafikken-flata-ut-i-2024/>)

Lothe, T., Mathiesen, M. og Heiberg-Andersen, H. (2018) Nærøyfjorden landskapsvernområde. Erosjon fra skipsbølger. UNI Research Polytec. 2014. <https://aimblob.blob.core.windows.net/aimfiles/d73ca113-c243-4133-91eb-71525354762a.pdf>

Nærøyfjorden Verdsarvpark brosjyre og kart (ikke datert) A map for travellers of the fjord. Engelsk og norsk.

Nærøyfjorden verneområdestyre (2020) Besøksstrategi Verneområde i Nærøyfjordområdet. Rapport 1-